



# Opprustinga av E39/rv. 15 Nor bru-Hjelle

NÆRINFO 1

E39



Her skal både bilvegen og gang- og sykkelvegen oppjusterast til høgare standard.

## Til vinteren startar arbeidet på vegen gjennom Mogrenda

Stortinget har no løyvd midlar slik at Statens vegvesen kan setje i gang å byggje gang- og sykkelveg langs E39/rv.15 frå Nor bru til Hjelle.

### Kommunen og vegvesenet

Prosjektet skal utførast i samarbeid med Eid kommune som skal oppgradere Nordfjordeid vassverk ved å ta i bruk Hornindalsvatnet som ny vasskjelde. Kommunen legg også ny avløpsledning og fibernett parallelt med bygging av g/s-vegen.

### Ope informasjonsmøte 19. mai

Ope Informasjonsmøte om prosjektet vil bli halde 19. mai kl. 1800–1900 på Hjelle skule. Her er alle som er interesserte velkomne!

Etter informasjonsmøtet vil det bli halde eige grunneigarmøte for berørte grunneigarar, desse blir kalla inn særskilt.



Oversikt over anleggsområdet. Blå linje syner strekninga det skal arbeidast på.

15-0809 grafisk-senter@vegvesen.no – foto: Statens vegvesen/Eidkommune

### Fleire oppgraderingar

Prosjektet omfattar bygging av 1470 meter g/s-veg og utviding av eksisterande hovudveg, 4 busslommar, omarbeiding/flytting av ei busslomme ved Fossebakken, ei gangbru, nytt rekkverk på eksisterande bru, ein rasteplass utan toalett, samleveg i bakkant av bustadfelt Mogrenda og støytiltak der vi er pliktige å gjennomføre etter gjeldande retningslinjer.

### Framdrift

Utover sommaren og hausten vil vi prosjektere og foreta grunnerverv i området. Det vil også bli gjennomført utstikking av linje for veganlegget i terrenget. Det er forventet oppstart av arbeidet i januar 2016, og veganlegget skal stå ferdig på hausten i 2017.

### – Ta gjerne kontakt!

Vi vil i anleggsperioden legge til rette for minst mogeleg ulemper for naboar og trafikantar i anleggsområdet. Men

ein må rekne med nokre omkøyningar, regulering av trafikken, og til tider noko støy. Men arbeidet vil gå føre seg på dagtid, slik at ingen naboar treng uroe seg for nattesøvnen.

– Det er fullt mogeleg, og berre triveleg, om de tek kontakt med oss dersom de har spørsmål eller kommentarar, seier prosjektleiar Oddvar Skrede.

I tillegg til informasjonsmøtet 19. mai, finn de kontaktinfo i denne nærinfoen her.

Etter kvart som prosjektet driv fram, vil det bli oppdatert informasjon å finne på [vegvesen.no/Europaveg/rv15norbruhjelle](http://vegvesen.no/Europaveg/rv15norbruhjelle).

Vi vil også lage til fleire slike nærinfobrosjyrar, slik som den du no held i handa.



Nor bru.

### Kontaktpersonar i Statens vegvesen:



Prosjektleiar **Oddvar Skrede**  
Tlf. 57 72 40 53, mob. 943 83 151  
E-post: [oddvar.skrede@vegvesen.no](mailto:oddvar.skrede@vegvesen.no)



Byggjeleiar **Øystein Heimsæter**  
Tlf. 57 88 99 18, mob. 918 09 081  
E-post: [oystein.heimsaeter@vegvesen.no](mailto:oystein.heimsaeter@vegvesen.no)

### Kontaktperson i Eid kommune:



Prosjektleiar **Einar Hessevik**  
Mob. 908 68 741, E-post: [einar.hessevik@eid.kommune.no](mailto:einar.hessevik@eid.kommune.no)



**Statens vegvesen**



**Eid kommune**